

KOMMISJONSVEDTAK

2014/EØS/35/08

av 18. desember 2007

om godkjenning av det nasjonale programmet som Romania har lagt fram for motkjemping av salmonella i flokkar av avlsfjørfe av arten *Gallus gallus*

[meldt under nummeret K(2007) 6354]

(Berre den rumenske teksta er gyldig)

(2007/874/EF)(*)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet, med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 2160/2003 av 17. november 2003 om bekjempelse av salmonella og visse andre zoonotiske smittestoffer som overføres gjennom næringsmidler⁽¹⁾, særleg artikkel 6 nr. 2, og

ut frå desse synsmåttane:

- 1) Føremålet med forordning (EF) nr. 2160/2003 er å sikre at det vert sett i verk føremålstenlege og effektive tiltak for å påvise og motkjempe salmonella og andre zoonotiske smittestoff i alle ledd i produksjon, foredling og distribusjon, særleg i primærproduksjonen, for å minske førekomsten av dei og den risikoen dei utgjør for folkehelsa.
- 2) Ved kommisjonsforordning (EF) nr. 1003/2005 av 30. juni 2005 om gjennomføring av europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 2160/2003 vedrørende et fellesskapsmål for reduksjon av prevalensen av visse salmonellaserotyper i flokker av avlsfjørfe av arten *Gallus gallus* og om endring av forordning (EF) nr. 2160/2003⁽²⁾ vart det fastsett eit fellesskapsmål for reduksjon av førekomsten av alle salmonellaserotypar som har innverknad på folkehelsa i flokkar av avlsfjørfe av arten *Gallus gallus* på primærproduksjonsplan.

- 3) For å nå fellesskapsmålet skal medlemsstatane innføre nasjonale program for motkjemping av salmonella i flokkar av avlsfjørfe av arten *Gallus gallus*, og leggje dei fram for Kommisjonen i samsvar med forordning (EF) nr. 2160/2003.
- 4) Romania har lagt fram det nasjonale programmet sitt for motkjemping av salmonella i flokkar av avlsfjørfe av arten *Gallus gallus*.
- 5) Det er slått fast at det programmet som Romania har lagt fram, er i samsvar med relevant veterinærregelverk i Fellesskapet, og særleg forordning (EF) nr. 2160/2003.
- 6) Det rumenske nasjonale programmet for motkjemping bør difor godkjennast.
- 7) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Det nasjonale programmet for motkjemping av salmonella i flokkar av avlsfjørfe av arten *Gallus gallus* som Romania har lagt fram, er godkjent.

Artikkel 2

Dette vedtaket skal nyttast frå 1. januar 2008.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunningjort i EUT L 344 av 28.12.2007, s. 46, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 41/2009 av 24. april 2009 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 33 av 25.6.2009, s. 1.

⁽¹⁾ TEU L 325 av 12.12.2003, s. 1. Forordninga sist endra ved kommisjonsforordning (EF) nr. 1237/2007 (TEU L 280 av 24.10.2007, s. 5).

⁽²⁾ TEU L 170 av 1.7.2005, s. 12. Forordninga endra ved forordning (EF) nr. 1168/2006 (TEU L 211 av 1.8.2006, s. 4).

Artikkel 3

Dette vedtaket er retta til Romania.

Utfërda i Brussel, 18. desember 2007.

For Kommisjonen

Markos KYPRIANOU

Medlem av Kommisjonen
